

# DEN NORSKE KYRKJA

## Stryn Kyrkjelege Fellesråd

### MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO	JOURN.NR.	ARKIV NR.
Ky-10/12	Arbeidsutvalet	03.10.2012		000
Ky-29/12	Fellesrådet	25.10.2012		

Sakshandsamar: BSK

### HØYRING ENDRING I FORSKRIFT TIL LOV OM GRAVPLASSAR, KREMASJON OG GRAVFERD

#### Presentasjon:

Fornyings-, administrasjons-, og kyrkjedepartementet har sendt ut på høyring forslag til endringar i forskrift 10. januar 1997 til lov om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravferdsforskriften)

#### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Gravferdslova

Gravferdsforskriften

#### Saksopplysningar:


Det vart gjort endringar i gravferdslova 01.01 2012. Endringane gjekk på namn; at det eigentleg heiter gravplass og ikkje kyrkjegard, dette vert òg endra i gravferdsforskriften. Andre vesentlege endringar i gravferdsforskrifta er: I kapittel 3:

- særskilt tilrettelagte graver for religiøse og livssynsmessige minoritetar ved anlegg, utviding og vesentleg endring av gravplass.
- Om kyrkjeleg fellesråd bør få mynde til å gje fritak frå bruk av kiste ved gravlegging når eit slikt ynskje er grunngjeven med den døde sin religion eller livssyn.
- Etterlatte sitt høve til å vere til stades ved kremasjon vert føreslått å verte tydeleggjort.

I kapittel 4 er det endringar utfrå plan- og bygningslova. Kapittel 5 er det framlegg om å legge alle graver inn i ei standardisering i ei landsdekkande id utarbeida av Statens kartverk. Kapittel 6 tar for seg universell utforming og tilpassing til diskriminerings- og tilgjengelighetslova, plan- og bygningslova og Byggteknisk forskrift til plan- og bygningslova.

I kapittel 7 og 8 er slike endringar føreslått:

- Det vert gjeve høve til å stenge enkeltgraver, deler av gravplass eller heile gravplassen permanent for kistegravlegging
- Det vert innført eit krav om at bispedømmerådet skal godkjenne drenering av ein gravplass før den vert tatt i bruk
- Kravet til dekke av jord over kiste vert redusert
- Der det er stor muslimsk befolkning, og lite areal, vil departementet opne for at det i gravplassvedtekten kan gjevast høve til å endre på krava til kistestorleik



# DEN NORSKE KYRKJA

## Stryn Kyrkjelege Fellesråd

### MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO	JOURN.NR.	ARKIV NR.
Ky-10/12	Arbeidsutvalet	03.10.2012		000
Ky-29/12	Fellesrådet	25.10.2012		

- Det vert lagt inn ei presisering om at gravplassbeteninga som hovudregel skal vere til stades på gravplassen ved kistegravlegging
- Det vert tatt inn i forskrifta ei presisering om at berre levningar etter menneske kan gravleggast på gravplass

I kapittel 9 foreslår departementet å regulere «anonym og navnet minnelund» i forskrifta. I løpet av få år har dette blitt relativt utbredt. Ved å regulere «navnet minnelund» i forskrifta vil departementet bringe regelverket meir i samsvar med den dispensasjonspraksisen som har utvikla seg, samt sikre meir lik praksis.

I kapittel 10 om gravminner foreslår departementet ein klarare heimel for å gje generelle avgjerder for unntak frå forskrifta om dimensjonsbegrensingar på gravminner.

I kapittel 11 handlar det om helse, miljø og sikring i krematorium. Ikkje så aktuelt her. Krav til material i askeurne vert at dette skal vere organisk; treverk, bark o.l. slik at det i fredningstida er nedbryte.

I kapittel 12 omtaler departementet forholdet mellom kyrkjeleg fellesråd mynde til å vike frå forskrifta i enkeltsaker og bispedømmets høve til å vike frå forskrifta gjennom avgjerder i vedtekten for gravplassen.

I kapittel 13 gjerast det greie for økonomiske og administrative konsekvenser av endringsforsлага. Departementet legg til grunn at forslaga ikkje har vesentlege økonomiske eller administrative konsekvenser.

#### Vurdering:

Det er fleire forslag til endringar i denne forskrifta som vil gje fellesrådet meir mynde over eigne gravplassar.


At ein kan stenge for kistegravlegging på enkeltgraver, felt på kyrkjegarden eller kyrkjegardar permanent er nye tankar.

Det er òg tatt med i forskrifta å tilpasse seg diskriminerings- og tilgjengeleghetslova. Det vil sei at det skal vere universell utforming av kyrkjegardane.

Som godkjenningsorgan for endringar jmf denne forskrifta bør det stå *biskopen* og ikkje bispedømerådet.

#### Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

Høyringa vert svara positivt på med endring i at det ikkje er bispedømmerådet som er godkjenningsorgan, men *biskopen*.



**DEN NORSKE KYRKJA  
Stryn Kyrkjelege Fellesråd**

**MØTEBOK**

SAK	ORGAN	MØTEDATO	JOURN.NR.	ARKIV NR.
Ky-10/12	Arbeidsutvalet	03.10.2012		000
Ky-29/12	Fellesrådet	25.10.2012		

**Handsaming i AU:**

Ingen nye moment. Det ser ikke ut til at forskrifta skal auke utgiftene våre på kyrkjegardsforvaltninga.

**Vedtak:**

Som AU

Sign.

Borghild Skarelven  
-sekr-

**Utskrift sendt til:**

Fornyings-, administrasjons- og  
kyrkjedepartementet